

Spørsmål frå Ekrheim (Sp) - manglande korrespondanse Etne-Voss

Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim (SP) har stilt slikt spørsmål.

Kvart år er det elevar frå Etne som vekependlar til Voss på ulike linjer på vidaregåande nivå. Etne vidaregåande blei nedlagt i 2017, naturbruklinjene blei nedlagde ein del år før dette. Korrespondansen mellom bussane til/frå Etne -Voss via Odda er totalt fråverande på tidspunkt som er aktuelle for skuleelevar. Dette er også raskaste veg mellom Voss og Haugesund for andre reisande. Som døme er buss frå Odda til Seljestad vektstasjon og Haukeliekspressen, gått 15 minutt før bussen frå Voss kjem til Odda. Dette er siste bussen fredag kveld.

Ventetidene, om det i det heile går buss, er opp mot 2 timar. Dette medfører at foreldra må køyra til og frå Odda både fredag og søndag, tur-retur 144km.

Rute 801 korresponderar på kveld, kl 19.05 frå Etne, men den går ikkje søndag. Rute 990 frå Voss kl 17.45, manglar berre få minutt på korrespondanse vestover. Kan bussen frå Voss gå t.d 5-10 minutt før? Bussen frå Odda til Seljestad er sett opp med 40 minutt rutetid, kan den kortast litt? Då hadde det lukkast å få korrespondanse.

Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Generelt for planlegging av rutetilbodet og korrespondansar i Hardanger og Voss er det fleire omsyn som må i varetakast. Når det gjeld busstilbodet mellom Odda og Voss spesielt, så er dette knytt opp mot korrespondansar med tog på Voss, samt med lokale busslinjer for Eidfjord på Bu, for Ulvik i Granvin samt ferje Kvanndal-Utne. Tilbodet mellom Voss og Etne er i tillegg knytt opp mot kommersielle ruter, nærare bestemt Haukeliekspressen til/frå Haugesund og Oslo.

Fredag ettermiddag er det lagt opp til reisemoglegheit Voss-Etne via Kvanndal-Utne. Det går då buss linje 925 frå Voss kl 17:05 med korrespondanse til ferje Kvandal-Utne og buss Utne-Odda med ankomst Odda 19:15. Frå Odda går linje 862 kl 19:25 til Seljestad kl 19:50. Denne gir omstiging til Haukeliekspressen frå Seljestad kl 20:00 med ankomst Etne kl 20:50. Total reisetid er 3 t 45 min., og ventetid i samband med omstiging er 10 min.

Til det konkrete spørsmålet om avgangen Voss 17:45 med ankomst Odda 19:45, så er denne ruta uendra sidan august 2015. Dette er ei bussrute som er knytt til korrespondanser med tog frå Oslo og Bergen. Avgangstidene for Haukeliekspressen har derimot endra seg, som gjer at buss frå Odda er gitt endra avgangstid frå 19:40 til 19:25.

Søndag ettermiddag er reisemoglegheitene dårlegare, og ein får ventetid på Seljestad eller Odda på mellom ca. 1,5 og 2 timar på dei to aktuelle turane. Den totale reisetida vert såleis lang. Vi vil mot neste ruteendring vurdere justeringar med bakgrunn i behovet som er skildra. I denne vurderinga vil inngå at avgangen frå Etne er knytt opp til Kolombus si rute frå Haugesund, og at behovet knytt til elevar frå Etne som går på Voss vil variere frå år til år.